




Miljøverndepartemenet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

28.november 2003
Vår ref: 01,012/KF
Dykkar ref:2003/433



Høyringsuttale om NOU 2003:14

"Bedre kommunal og regional planlegging etter plan og bygningsloven"

Viser til brev av 20 mai om høyring på NOU:14. LNU takkar for moglegheita til å gje viktige innspel i høve arbeidet som vedkjem barn og unge i den kommunale og regionale planlegginga

Eit av dei viktigaste måla for barne- og ungdomsorganisasjonane er at barn og unge skal ha reell moglegheit til påverknad. På lik line med andre grupper i samfunnet har barn og unge ein naturleg plass i demokratiet. LNU vil gje honnør til Miljøverndepartementet for å ta barn og unge sine påverknadsmoglegheiter i høve til planlegging på alvor. Vidare vil me og vise til den positive omtalen av friviljuge lag og organisasjonar si betydning for lokalsamfunnet

Barneombodet har som kjent kome med framlegg om at Barnerepresentanten sine oppgåver og rolle skal utgreiast nærare. Det er dessverre eit faktum at mange kommunar ikkje følgjer opp arbeidet rundt barnerepresentanten - og dette er alvorleg. LNU vil stille seg bak Barneombodet sine krav om ei slik utgreiing og vil samstundes be om at departementet arbeider for ei rask løysing på denne utfordringa.

LNU vil påpeike at også den noko eldre aldersgruppa av unge må sikrast rett til medverknad og påverknad i planprosessane, slik at ikkje barnerepresentantane utelukkande arbeider for å sikre barn sine interesser. Gjennom erfaringar frå dei ulike støtteordningane LNU forvaltar, ser vi at det ungdom saknar, er treffstadar lokalt. Difor meiner me det er viktig at ungdom i større grad vert tekne med på råd lokalt. Mange kommunar har demokratiske fora for ungdom, som til dømes ungdomsråd og ungdomens kommunestyre. LNU meiner det er naturleg at desse organa vert ein høyringsinstans, i dei kommunar det er oppretta. LNU meiner og at ein må sjå på korleis forholdet mellom barnerepresentanten og demokratiske fora for ungdom er. Dersom det ligg klare føringar på Barnerepresentanten om at ein skal nytte desse fora som høyringsinstans, vil ein samstundes sikre ein reell medverknad for desse organa.




Vidare vil LNU peike på at barne- og ungdomsorganisasjonane lokalt er ressursar som gjennom sine aktivitetar har tileigna seg ei spisskompetanse på ulike spørsmål som vedkjem barn og unge. Difor meiner me at det òg må finnast moglegheiter som gjer at barne- og ungdomsorganisasjonar kan delta i slike prosessar.

Det er ikkje lovfesta at kommunen skal ha ein barne- og ungdomsplan. Dette meiner LNU at ein bør arbeide for å få til. Like viktig som ein sjølve planen, er kanskje prosessen fram mot eit slikt dokument. Her bør ein kunne lage materiell og planar for korleis ein skal involvere barn og unge. Vi har her tru på arenaen "Framtidsverkstad," som er gjennomført i fleire kommunar, som ein god modell i eit slikt arbeid.

Alt i alt, tykkjer LNU at departementet gjennom NOU 2003:14 tek barn og unge på alvor - og drøfter gjerne samarbeidsprosjekt for å kunne finne dei gode løysingane.

Med venleg helsing
Landsrådet (LNU)


Edle Daasvand Skjæveland
Generalsækretær


Kristian Fjellanger
Nasjonal konsulent